

# **Retningslinjer for Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar**

Samrøystes vedteke i Utval for kultur, idrett og regional utvikling (sak 2015/898-144)

## **1. Føremål**

Føremålet med denne driftstilskotsordninga er å legge til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Ordninga skal stimulere organisasjonane til engasjement og medansvar, og sikre organisasjonane som arena for medråderett, ytringsfridom og demokrati for barn og ungdom.

Driftstilskotet skal styrke organisasjonsutvikling for barn og unge i organisasjonar som består av aktivt fungerande medlemmer og der medlemmene sjølv står for utøving av verksemda. Driftstilskotet skal auke barn og unge sine moglegheiter til deltaking, medverknad, ansvar, engasjement, samfunnsinnsikt og positiv livsoppleving ved deltaking i barne- og ungdomsorganisasjonar, og styrke desse som demokratiske verksemder.

## **2. Kven kan søkje**

Organisasjonar som kan ta i mot driftstilskot må vere frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med regionalt virke (sjá nedanfor) og med minst 50 teljande medlemmer totalt i Hordaland fylke. *Godkjent medlemstall er tal på medlemmer som har betalt årskontingent i løpet av føregående kalenderår. Eit teljande medlem er ein person som pr. 31. desember i føregående år er under fylte 26 år.*

*Regionalt virke inneber at organisasjonen kan vise til aktivitet i minst 3 kommunar i Hordaland.*

For å vere definert som ein friviljug barne- og ungdomsorganisasjon under denne ordninga må organisasjonen legge til rette for at dei unge medlemmane gjennom eigen aktivitet får høve til å utvikle seg innanfor organisasjonen sitt virkefelt.

## **3. Kva kan støttast**

Driftstilskot kan tildelast frivillige organisasjonar med regionalt virke som ved sine vedtekter:

- a) har eit tydeleg føremål, sjølvstende, organisasjonsform og oppbygging for fylkesledd/regionalledd, eventuelt også lokalledd og sentralledd dersom organisasjonen har det,
- b) kan vise til at organisasjonen arbeider for barn og ungdom med tema som gjeld barn og ungdom, og har barn og ungdom som deltagarar i sine aktivitetar,
- c) kan vise til at organisasjonen har ein ideell (ikkje-kommersiell) målsetjing og fremme føremålet i ordninga,
- d) kan vise til at eit eventuelt overskot vil kome organisasjonen eller andre samfunnsnyttige føremål til gode,
- e) er i samsvar med norsk lovgjeving,
- f) ikkje skaper hinder for full deltaking for barn og ungdom frå alle samfunnsgrupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering,
- g) sikrar at også medlemmer under 15 år har arenaer / organ der dei kan fremje sine synspunkt eller øve innverknad over arbeidet i organisasjonen, og
- h) kan vise til at organisasjonen har ei nettverksrolle eller er ei paraplyordning for andre grupper / lokallag i Hordaland

*Følgjetekst til f):*

Når det gjeld medlemskap, er det høve for at ein organisasjon kan avgrense medlemskap til dei som sluttar seg opp om organisasjonen sitt livssyn eller verdigrunnlag. Til dømes vil ein religiøs organisasjon ha høve til å avgrense medlemskap til dei med same religiøse livssyn, og ein organisasjon som kjemper mot rusmidlar vil kunne kreve at medlemmene skal ta full avstand frå rusmidlar. Når det gjeld val av tillitsvalte i organisasjonen, og arrangement / kurs o.a. i regi av organisasjonen, så kan ikkje ein person vere diskvalifisert på bakgrunn av sine mest personlege og eventuelt medfødte eigenskaper, slik som kjønn, etnisitet, seksuell legning eller nedsett funksjonsevne.

## **4. Kriteria for å motta driftstilskot**

- A. Organisasjonen må ha minst 50 teljande medlemmer totalt i Hordaland fylke
- B. Teljande medlemmer må betale årskontingent til organisasjonen
- C. Organisasjonen må ha eit demokratisk avgjerdssystem som fremmer medlemmene sine interesser.  
I ein organisasjon som vert tildelt driftstilskot skal alle medlemmer over 15 år ha lik rett til påverknad i dette avgjerdssystemet, og dermed lik rett til å bli valt inn i dei organ organisasjonen har

- D. I organisasjonar der medlemmer under 26 år utgjør mindre enn 50 % av det totale medlemstalet, må organisasjonen ha eit eige styre for barne- og ungdomsarbeidet
- E. Organisasjonen må ha organisasjonsnummer, eiga budsjett, årsmøtevalt styre og handsame styret sitt årsrekneskap og årsmelding. Organisasjonar som skildra i punkt D. må ha årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet
- F. Dersom organisasjonen har fleire enn eitt regionalledd i Hordaland, vil det vere øvste ledet i Hordaland som er rett mottakar av driftstilskotet
- G. Dersom søker er ein del av ein moderorganisasjon, skal søker leggje ved både eigne vedtekter og vedtekter til moderorganisasjonen. Vedtekten til moderorganisasjonen skal vere i samsvar med kriteria for denne tilskotsordninga

**Organisasjonar som fell utanfor denne ordninga / Det vert ikkje tildelt støtte til:**

- 1. Organisasjonar som har idrett/sportslek eller mosjon som sin hovudaktivitet
- 2. Organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet
- 3. Organisasjonar som har diskriminerande innhald i sine vedtekter og / eller aktivitetar
- 4. Organisasjonar med tidsavgrensa føremål
- 5. Særorganisasjonar for barn og unge under utdanning
- 6. Organisasjonar som har aktivitetar som er knytt til eller integrert i utdanningstilboda si undervisning
- 7. Organisasjonar som får driftstilskot etter budsjettvedtak i Hordaland fylkeskommune

**5. Krav til søknaden**

- A. Søker må nytte nettbasert søknadsskjema
- B. Søknadsfrist er ein gong kvart år. Organisasjonar som leverer søknad etter søknadsfrist vil ikkje verte handsama til vurdering av driftstilskot det året
- C. Søker skal leggje ved siste godkjente årsmelding, rekneskap, medlemsliste og vedtekter for organisasjonen

**6. Berekning av driftstilskot**

Driftstilskotet vert rekna ut frå følgjande faktorar til godkjente søkerar:

**Grunnstønad:** 5000 kroner per organisasjon

**20 %** i forhold til kor mange kommunar i Hordaland organisasjonen har medlemmer frå

**40 %** i forhold til organisasjonens samla tal på teljande medlemmer i Hordaland

**20 %** i forhold til tal på kommunar organisasjonen har aktivitetar

**Ekstra stimulans i samsvar med føremålet for ordninga:**

**5 %** til organisasjonar der minimum 40 % av kvart kjønn er representert i styret.

**5 %** til organisasjonar der medlemmer under 26 år er representert i hovudstyret.

**10 %** der teljande medlemmer utgjer minimum 50 % av det totale tal på medlemmer i organisasjonen.

*Organisasjonar som oppnår målsetjinga med likestilling og som arbeider aktivt for rekruttering og medverkanad av barn og ungdom til organisasjonslivet vil oppleve ein ekstra stimulans etter nemnte faktorar.*

Ein einskild organisasjon kan ikkje tildelast meir enn 10 % av den totale fordelingssummen.

**7. Dispensasjonsordning i 2016**

Hordaland fylkeskommune ser at det kan vere naudsynt med overgangsregler til nye kriteria.

Det kan ved særskilte grunner verte gitt dispensasjon rundt einskilde punkt av desse retningslinene til organisasjonar som tidlegare har fått tilskot gjennom ordninga. Denne dispensasjon kan berre gjelde for eitt år, som ei overgangsordning i 2016.

I det nettbaseerte søknadsskjemaet vil det vere mogleg å søkje dispensasjon. Organisasjonar som søker dette må gjøre tydeleg kva tiltak dei vil gjere for å falle inn under kriteria ved eventuell søking til denne ordninga i 2017.

Fylkesrådmannen vil komme attende med ei vurdering med eventuelt behov for dispensasjonsordning i 2017.

**8. Klage**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen organisasjonen tok i mot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans.

#### **9. Kontroll**

Hordaland fylkeskommune skal ha høve til å kunna ta stikkprøvekontrollar av oppgjevne medlemstal. Ved grove feil i søknaden har Hordaland fylkeskommune mynde til å trekke all støtte til organisasjonen. Stønaden blir også trekt dersom ein organisasjon ikkje møter til avtalt tidspunkt for kontroll.